



Nationen i går.

På høyring: I januar var det høyring i næringskomiteen om stortingsmeldinga «Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon». 14. mars skal næringskomiteen, her representert ved Gunnar Gundersen (H) og Geir Pollestad (Sp) leggje fram si innstilling. Foto: Mariann Tvete

Landbruk

Ueinige om risikolån

Garantiordningar, auka støtte eller situasjon som i dag? Medlemmene i næringskomiteen er ikkje i mål om risikolån i distriktslandbruket.

14. mars gir næringskomiteen i Stortinget si innstilling til landbruksmeldinga «Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon».

Måndag skriv Nationen om Landkreditt som i ein høyringsuttale til landbruksmeldinga føreslår statlege garantiordningar som vil gjere det lettare for distriktsbønder å investere.

I dag blir panteverdien på landbrukseigedommar i distrikta ofte så låg at bankane ikkje tek risikoen med å gå inn og finansiere, sjølv prosjekt som banken i utgangspunktet meiner har livets rett.

Vil har tilskot

KrFs landbrukspolitiske talsperson, Line Henriette Hjemdal, seier ho er i tvil om nye låneordningar vil løyse knipa distriktsbønder som vil satse er i.

– Vi er einige med Landkreditt

om problemstillinga, men har ei anna løysing, seier Hjemdal.

– KrF heller mot å ta ned lånebyrda for bøndene ved å auke tilskota gjennom IBU-midla (Midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket) til Innovasjon Norge.

– Vi vil ha ein redningsaksjon for gjennomsnittsbønder, og bruke graset der det veks. Når eg snakkar med bønder seier dei at det er to situasjonar som er utfordrande når det skal planlegge

framtida, det er generasjonsskifte og nybygg, seier Hjemdal

Ville endre

Høgres Gunnar Gundersen seier at tilgang på kapital er ei utfordring for alle delar av næringslivet.

– Å investere er ein personleg risiko, og eg trur bonden faktisk må stelle seg til den risikoen som er.

Gundersen seier han er i tvil om det vil vere rett av staten og gå inn med garantiar, og på den måten tilsløre risikoen.

– Vi meiner det er konsesjonssystemet og systemet for å prissette som hemmar omsetnaden av landbrukseigedomar og dermed panteverdien. Det har vi prøvd å få gjere noko med, men

fekk ikkje fleirtal for det.

Pengar og politikk

Det er Geir Pollestad (Sp) som er saksordførar for meldinga.

– Eg kan ikkje seie kva komiteen som såleis tenkjer. Men eg kan seie kva mål eg har med meg i meldingsarbeidet. Viss ein ser korleis det blir investert i landbruket no, ser vi at det er veldig strukturdrivande.

Pollestad meiner det må til ei politikkkending for å sikre ein variert bruksstruktur.

– Inntekta er heilt grunnleggjande, men i tillegg må vi ha eit investeringsverktøy. Eg trur det kan kome til å bli nødvendig med ei slags garantiordning, eit tillegg for å utløse den private delen av kapitalen. Ein god og føreseieleg landbrukspolitikk vil auke marknadsværdien, også for dei små og mellomstore bruka. Ei garantiordning vil vere eit viktig band til staten om å halde fram med å føre ein god politikk for desse bruka. Målet med garantiene er at dei aldri skal bli brukt, seier Pollestad.

Ikkje bestemt seg

Knut Storberget, Aps landbruks-

Fakta

Meldinga

- Jordbruksmeldinga: Meld. St. 11 (2016–2017).
- Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon.
- Utgivar: Landbruks- og matdepartementet
- Godkjent i statsråd 9. desember 2016. Ligg no til behandling i næringskomiteen, har frist på seg til 14. mars.
- Det totale investeringsbehovet på kort sikt for landbruket er estimert til mellom 16,5 milliardar og 26,5 milliardar kroner i året. (Agri Analyse)
- Dei faktiske, årlege investeringane har dei siste åra lege på rundt 8,5 milliardar.

politiske talsperson seier på telefon at han vil vente til rapporten er gitt frå seg med å avsløre kva som er partiets syn på saka.

Janne Grete Aspen

janne.aspen@nationen.no



Ambisjonen

«Vi vil ha ein redningsaksjon for gjennomsnittsbønder, og bruke graset der det veks.»

Line Henriette Hjemdal, KrFs landbrukspolitiske talsperson